



KOPI

Hille Melbye Arkitekter AS  
v/Yngve Gottfridsson  
Hausmannsgate 16  
0182 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/973 - 16/8021

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
14.06.2016

## Byggesak gbnr 79/110 Tjore Nedre - automatstasjon for drivstoff - dispensasjon frå arealføremål - oversending for uttale


Saka gjeld søknad om etablering av automatstasjon for drivstoff utanfor Bunnprisbutikken i Austmarka. Anlegget vil bestå av sjølvbetjent automatstasjon m/pumpar, 2 frittstående tankar og ID-prismast.

### Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon frå arealføremål.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som etter reguleringsplan for Austmarka øvre, planid. 12602010000100, har arealføremål Næringsbygningar.



Utsnitt frå reguleringsplan


Det er regulert inn Bensinstasjon/vegserviceanlegg i planen, men dette området er gjennom tidlegare dispensasjons sak omdisponert til parkeringsplass for butikken.

### Reguleringsføresegna §3.3 Næringsverksemd:

- 3.3.1 *Område for næringsverksemd N1 skal nyttast for daglegvarehandel og anna tenestehandel.*
- 3.3.2 *Område for bensinstasjon BS1 skal nyttast for bensinstasjon og vegsørvisanlegg.*
- 3.3.3 *Andre verksemdar som kan føre med seg miljøulemper til bustadområdet i Austmarka kan ikkje etablera seg her. Maksimal tomteutnytting inklusiv parkering for næringsverksemd er BYA = 80%.*
- 3.3.4 *Bygningane kan ha 3 høgder.*
- 3.3.5 *Det skal opparbeidast minimum 20 – 25 parkeringsplassar pr 1000 m<sup>2</sup>.*
- 3.3.6 *Klimaplanen til Radøy kommune skal styra kva oppvarming bygningane skal ha.*

### Plassering

Plassering er vist i kart og situasjonsplan datert 13.04.16:



Avstand mellom automatstasjonen og forretningsbygget er opplyst å vere ca. 11,6 meter.

Avstand til vegmidte fylkesveg er opplyst å vere ca. 35 meter.

Automatstasjonen er plassert innafor byggegrense mot fylkesveg. ID-masten er plassert i byggegrensa.

### **Høgdeplassering**

Maks byggehøgde fremgår ikkje av reguleringsplanen og hovudregelen i plan- og bygningslova § 29-4 (1) gjeld.

Etter reguleringsplanen pkt. 3.3.4 kan *bygningar* ha tre etasjar.

Dei to drivstofftankane får ein høgde på ca. 8,9 meter. ID-masta får ein høgde på ca. 8,0 meter.

### **Andre styresmakter**

Det er opplyst i søknaden at tiltaket ikkje krev løyve frå andre styresmakter.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 79/110 Tjore Nedre - Automatstasjon for drivstoff - søknad

Kart

Kart

Teikning pumper

Bilder

Rammesøknad følgebrev

Søknad om tillatelse til tiltak

Opplysinger om bygg

Følgjebrev

Kart

Kart

Reguleringsplan

Reguleringsplan

### **Kopi til:**

**Kopi til:**

Hille Melbye Arkitekter AS                      Hausmannsgate 16                      0182                      OSLO

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland                      Postboks 7310                      5020                      BERGEN  
Hordaland Fylkeskommune - Plan og Miljøseksjonen                      Postboks 7900                      5020                      BERGEN  
NGIB - Brannførebyggjande avdeling                                           5914                      ISDALSTØ  
Statens vegvesen Region vest                      Askedalen 4                      6863                      LEIKANGER  
Stein Ove Valdersnes